



**Måndag 3. januar er første skuledag etter juleferien og då vil ny leiing vera på plass ved oppvekstsenteret i Uskedalen. Marie Elisabeth Kaldestad (55) vil ha overteke etter Vidar Haugland (65). Dei to har allereie jobba saman i eitpar månader**

Den nye rektoren som er frå Vågen på Valen og framleis bur der har dei siste 3 åra leia skulen og barnehagen i Bringedalsbygda etter 5 år som inspektør ved Undarheim.

Ho har søkt seg til naboskulen fordi ho ynskjer større utfordringar ved ein skule som ikkje er nedleggjingsstruga og der ho kan satsa på skuleutvikling over tid.

Skulen her i bygda er omtrent dobbelt så stor som skulen i Bringedalsbygda.

(Foto: Ola Matti Mathisen)